

**Tid:** 02. februar 2005  
**Stad:** Elvahuuset, Førde  
**Tilstades:** 13 medlemmar (1 gjekk etter sak 6)

**Sak 1. Val av ordstyrar og skrivar**

Rune vart valt til ordstyrar. Sissel til skrivar.

**Sak 2. Godkjenning av innkallinga og saklista**

Innkallinga og saklista vart godkjent

**Sak 3. Årsmelding**

Årsmeldinga vart opplesen og godkjent med følgjande endringar/tilføyningar:

**Punkt 6:**

Må endrast til Aktivitetar i 2004

**Punkt 9:**

Under punkt 9 vart følgjande lagt fram under møtet:

Sunnfjord Kajakklubb rår no over følgjande utstyr:

- Tre kajakkar m/ror:
  - > Ein Eskimo K1R
  - > To Nordnes
- Ein kajak utan ror av typen Nordkapp
- Ein toar-kajak, ein flatvatn-kajak og ein kano, alle i meir eller mindre dårleg forfatning.
- Fem årer av ulik type
- To redningsvestar

Tilføyd på møtet:

Vi har og

- 4 spruttrekk

I samanheng med kajakkbasen som vi har i lag med FYK (Aktiviseringsprosjekt under fylkeskulturkontoret), der FYK eig ein kajaktilhengar og åtte plastkajakkar m/ror, eig vi:

- Åtte sett vådrakter (heil drakt + sko)  
Av desse er to i manko og ei er defekt.
- Fem par neoprenhanskar
- Åtte redningsvestar
- Åtte årer

Tilføyd på møtet:

Vi har og

- 4 par neoprensko
- 8 spruttrekk (to er på utlån til Guttorm og Maren)

**Sak 4: Gjennomgang av rekneskapen.**

Etter at sakspapira var sendt ut til medlemmane tok Rune kontakt med Idrettskrinsen for å høyre om dei hadde nokon som kunne revidere rekneskapen. Det hadde dei ikkje, men dei sa seg villig til å gå gjennom rekneskapen og sjå på føringa av bilag. Dei gjorde nokre endringar og førte ein del endringsbilag. På grunn av desse endringane vart det levert ut nytt, men ikkje fullstendig, rekneskap på Årsmøtet.

Det nye rekneskapet vart gjennomgått og kommentert post for post.

Idrettskrinsen vil ikkje godkjenne rekneskapen endeleg.

**Vedtak:**

Årsmøtet godkjenner rekneskapet under forutsetning av at det vert endeleg gjennomgått og revidert.

**Sak 5: Budsjett for 2005**

Det vart ikkje lagt fram noko forslag til budsjett på årsmøtet. Årsaka til dette er at ein ventar å få tilskot gjennom tippemidlar i løpet av året (truleg i mai). I sakspapira vart det fremja forslag om å kalle inn til ekstraordinært årsmøte der budsjettet blir handsama.

**Vedtak:**

Årsmøtet godkjenner at styret kallar inn til ekstraordinært årsmøte når vi veit noko meir om tippemidlane.

På årsmøtet diskuterte ein kva investeringar medlemmane ynskjer at klubben skal prioritere ved ev. tilskot. Følgjande forslag kom opp:

- Naustet:
  - leggje golv inne – tre?, asfalt?, beleggningsstein?,
  - bygge på/endre rominndeling
    - for å få plass til fleire kajakkar
    - dele til klubblokale/skifterom
  - må beisast
  - tilgang til reint vatn - vil verte veldig dyrt fordi vi må betale tilknytningsavgift til kommunen
- Utstyr:
  - Årer
  - Spruttrekk
  - Turleiar utstyr
  - Det har tidligare vore snakk om å benytte seg av Padleforbundet sitt tilbod om å investere i poloutstyr og etablere dette som ein ungdomsaktivitet
    - Men dersom vi tek imot eit slikt tilbod må vi samtidig akseptere visse forpliktelsar noko vi kanskje ikkje er heilt klar for som klubb
- Utstyr til elvepadling
  - Det vart diskusjon rundt det å investere i utstyr til elv. Ei må tenke seg godt om før ein ev går til innkjøp av ein base til elvekajakk.

#### Sak 6: Endring av vedtektene

Klubben har tidlegare sett fram ynskje til Idrettskrinsen om endring av vedtektene slik at ein fekk med noko om sikkerheitskrava klubben set. Tilbakemeldinga frå Idrettskrinsen v/Odd Bjarne Solheim, er at forutan ei generell formulering under §1: Føremål, bør satsinga omkring sikkerheit, formulerast i eit eige sikkerheitsreglement for klubben sin aktivitet.

Årsmøtet stemde over følgjande forslag til endring av vedtektene:

Følgjande formulering blir lagt til som ei tredje line i §1 - FØREMÅL:

"Klubben skal fremje padlesporten. For å førebyggje at det oppstår farlege situasjonar og ulykker, skal aktivitet i klubben foregå sikkerheitsmessig og forsvarleg."

#### Vedtak:

Det vart ikkje 2/3 fleirtal for å endre vedtektene.

#### Vedtak:

Årsmøtet gav styret mynde til å utarbeide eit sikkerheitsreglement for klubben. Når dette er ferdig, gjerast det gjeldande for aktiviteten i klubben. Det leggst fram på neste årsmøte for endeleg godkjenning.

#### Sak 7 Val av logo for klubben

Saka om ev. ny logo har vore handsama tidlegare, men då det har vore blanda reaksjonar på det nye forslaget, vart saka tatt opp att. Hovudbakgrunnen for å endre logoen vi har, har vore at den har for mange detaljar til å få laga den skikkeleg. Målet for ein ny logo må vere at den er enkel å bruke til feks merke på kle, kajakkar/utstyr, bilar etc.

Det vart diskutert om ein skulle freiste å få inn fleire forslag til logo. Det vart røysta over med følgjande:

1. Skal årsmøtet velge logo blant dei forslaga som allereie ligg føre?
2. Skal vi freiste å få inn fleire forslag?

#### Vedtak:

Årsmøtet skal velge logo blant dei eksisterande forslaga

#### Vedtak:

Følgjande logo vart valt:



Styret må sørge for ein påskjønning til Kristin Gjelsvik som har tegna den nye logoen.

#### Sak 8 Ressursoversikt.

Det er ymse små og store jobbar som må gjerast for å drive ein klubb som SKK. For at alle skal få moglegheit til å bidra med det dei kan tenke seg å bidra med, vart det fremja eit forslag om å sende ut spørjeskjema for å få ein oversikt av kva den

einskilde ynskjer eller kan tenke seg å vere med på. Målet er å få ei oversikt over kven ein kan be til ymse gjeremål i samanheng med turar, møter, dugnadar osv. og ikkje minst at det ikkje berre blir dei same som alltid er med. Det vart ikkje presentert noko spørjeskjemaet på møtet, men ideen vart lufta og godt mottatt. Styret arbeider vidare med spørjeskjemaet og freistar å få det ut så snart som råd. Det kom forslag om å sette opp ein mobiltelefon som premie for å få flest mulig til å stemme. Forslaget vart godt mottatt.

Under denne saka vart brukeren av heimesida og behovet for å utbetre denne diskutert. Det vart ytra ønske om eit forum på heimesida der medlemmane kan kommunisere aktivt med kvarandre – ala gjestebok/diskusjonsforum.

### Sak 9 Samarbeidsavtale med Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune(v/FYK)

Orientering om situasjonen og alternativa framover.

Det var ved tidspunktet for årsmøtet ikkje ansatt nokon i FYK-stillinga.

(FYK = prosjektet: tiltak for fysisk aktivitet i fylkeskulturavdeling). Det er derfor noko usikkert kva den vidare framtida for prosjektet vil verte.

To alternativ gjeld: Viss FYK blir å fortsette, vil vi lage til ny samarbeidsavtale med FYK om kajakkbasen (plastkajakkane + hengaren). Viss FYK blir lagt ned, kan det bli aktuelt å overta basen (dette alternativet er enno ikkje reelt).

### Sak 10 Val

I 2004 har desse site i styret:

Rune Berge	(leiar)	(i 1 år, 1 år att)	
Tove Irene Bjørnseth	(kasserar)	(i 1 år, 1 år att)	
Frank Zwijnenburg	(skrivar)	(i 2 år, på val)	
Maren Heinåli		(i 2 år, på val)	
Tore Gjelsvik		(i 2 år, på val)	
Bjørn Henrik Færøy Odøen		(vara, på val)	Sissel
Strømmen	(vara, på val)		

#### Val av styre:

Valkomiteen, Tove Irene Bjørnseth og Roald Apalseth, hadde kome med fylgjande innstilling til nytt styre då sakspapira vart sendt ut:

Bjørn Henrik Færøy Odøen	(leiar)	(ny)
Tove Irene Bjørnseth		(kasserar)
Rune Berge		
Geir Alden		(ny)
Sissel Strømmen		(ny)
Solveig Andersen	(vara)	(ny)

Då Rune Berge ynskjer å fratre leiarvervet, innstilte valnemnda eit styre med Bjørn som leiar og Rune vanleg styremedlem.

På årsmøtet vart følgjande innstilling, som er i tråd med vedtektene, lagt fram:

Bjørn Henrik Færøy Odøen	- leiar	(ny)
Sissel Strømmen	- nestleiar	(ny)
Tove Irene Bjørnseth	- kasserar	
Rune Berge		
Geir Alden		(ny)
Solveig Andersen	- vara	(ny)
Guttorm Kleppe	- vara	(ny)

Det innstilte styret vart valt ved akklamasjon.

#### Val av revisorar:

Einar Paulsen og Ole John Østenstad vart valt som revisorar

Valt ved akklamasjon

#### Val av valkomitee:

Tove Irene Bjørnseth og Roald Apalseth

Valt ved akklamasjon